



Seljord kommune

Helse og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

MELDING OM VEDTAK

— Dykkar ref: Vår ref: Sakshand: Arkivkode: Dato:
2012/1496-2 2012/1496-2 Inger Johanne Uldal Kåsa, 350 65 101 G23 20.09.2012
inger.johanne.kasa@seljord.kommune.no

Høyringsuttale til forslag om forskriftsendring som innfører ny ordning for turnusteneste for legar.

Her følgjer særutskrift av Formannskap/økonomiutval si sak nr. 104/12.

*Vedtaket kan påklagast til **Seljord kommune**. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen sitt utløp.*

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnar du vil anføre for klaga. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje når denne meldinga kom fram.

Med helsing

Inger Johanne Uldal Kåsa

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Seljord kommune Administrasjonen	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak. (Forvaltningslova §27 tredje leddet) (2) Dato 20.09.2012
(3)Mottakar (namn og adresse) Helse og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030, OSLO	(4)Klageinstans Fylkesmannen i Telemark
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
Kven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre – tre – veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De gjeva opp datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevje grunngjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ynskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga. - Klaga må underskrivast.
Utsetjing av gjennomføring av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gjeva nærare opplysningar om dette. Det er også høve til å krevje dekning for store kostnader som har med klagesaka å gjere. Normalt er det då ein føresetnad at det organet som gjorde det opphavlege vedtaket, har gjort ein feil slik at vedtaket blir endra. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen) har ikkje høve til å ta opp saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	



Seljord kommune

Arkiv: G23
 Saksnr.: 2012/1496-1
 Sakshand.: Kari Gro Espeland
 Direkte tlf.: 35065106
 Dato: 10.09.2012

Saksframlegg

Utval	Utvallssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	104/12	13.09.2012
Kommunestyret		27.09.2012

Høyringsuttale til forslag om forskriftsendring om innfører ny ordning for turnustjeneste for legar.

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Forskriftsendringer om ny turnustjeneste for leger

Saksutgreiing:

Høyringsuttale frå Seljord kommune om turnustjenesta for legar

Helse-og omsorgsdepartementet har sendt på høyring eit framlegg om forskriftsendringar for å lage ei ny ordning for turnustjenesta for legar. Dei gjer samstundes framlegg om å flytte autorisasjonstidspunktet for legar med medisintutdanning frå norske universitet fram til bestått medisinsk embetseksamen.

Seljord kommune har hatt turnuslegar ved sitt kommunale helsesenter i om lag 30 år. **Kommunen ser det som avgjerande at nye legar får med seg erfaring frå og kunnskap om helse og sjukdom i eit distriktperspektiv.** Nesten heile legeutdanninga skjer på sjukehus. For mange legar er tida i distriktsturnus den einaste ballasten dei får frå ei uselektert fyrsteline i helsetjenesta.

Tilsettingsprosessen

I det nye framlegget er ordninga med loddtrekning av turnusplassar oppheva. Legane skal nå søkje på turnusstillingane på ordinært vis. Det er gjort framlegg om såkalla "blokktilsetting" i sjukehus og distrikt/allmennpraksis samstundes. **Det er viktig at kommunen får legge sine tilsettingskriterier inn i prosessen og tek aktivt del i tilsettinga, og ikkje blir ein passiv mottakar av legar som sjukehuset tilset.** Det er og avgjerande at det kjem på plass ein truverdig og robust elektronisk søkjeprosess som gjer det praktisk mogeleg både for søkjarar og kommunar å få oversikt over ledige stillingar og aktuelle søkjarar. I framlegget er formuleringane på dette punktet bekymringsfullt lite konkrete. Utan ein fungerande elektronisk søkjeprosess er tilsetting av nye turnuslegar kvart halvår urealistisk.

Autorisasjon og legevakt

Seljord kommune ser argumentet for å flytte autorisasjonstidspunktet for kandidatar med norsk utdanning fram til bestått medisinsk embetseksamen. Dette stiller legar med norsk utdanning likt med legar frå EØS-land som har rett til autorisasjon utan gjennomført turnusteneste.

Framlegget inneheld punkt om at autorisasjonen skal vere meir avgrensa enn i dag. For kommunane er punktet om avgrensing av sjølvstendig vaktansvar særleg relevant. Det er uklart om avgrensingane i autorisasjonen og skal gjelde legevakt under den praktiske tenesta i kommunen. Dette vil i så fall få store konsekvensar for legevaktene i utkantstrok som er avhengige av turnuslegane for å få vaktturnusen til å gå opp. Det er viktig at legevaktene i landet er fagleg gode, men dette må heller løysast med ei meir formalisert bakvaksordning for turnuslegane. Legevakt med supervisjon er i dag definert som ein del av turnustenesta. Forskriftsteksten stadfester at turnustenesta i kommunane i hovudsak skal utførast i klinisk allmenntmedisin. Legevakt er ein viktig del av klinisk allmenntmedisin og må framleis vere ein viktig del av den praktiske tenesta i distrikt. **Seljord kommune foreslår at det vert presisert at legevakt er ein del av den praktiske turnustenesta i kommunen og at bakvaksordninga vert formalisert og eventuelt forskriftsfesta.**

Økonomiske tilhøve

Framlegg til forskriftsendring seier at turnustilskotet skal vidareførast. Seljord kommune meiner at med auka ansvar for tilsetjing av turnuslegar, bør kommunane også få statleg tilskot til å administrere denne prosessen.

Kommunen ser det som viktig at det også fylgjer økonomi med ansvaret for turnuslegar i legevakt, dette inneber økonomiske overføringar til kommunane relatert til administrering og gjennomføring av bakvaksordning for turnuslegar i legevakt.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet sluttar seg til høyringsuttale frå Seljord kommune om turnustenesta for legar slik den går fram av saksutgreiinga.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.09.2012

Rådmannens tilråding til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.09.2012

Formannskapet sluttar seg til høyringsuttale frå Seljord kommune om turnustenesta for legar slik den går fram av saksutgreiinga.

Utskrift til:

Helse –og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.
0030 Oslo